

**Møteprotokoll**

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, formannskapssalen
Dato:	06.12.2023
Tid:	13:00 - 18:30

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tarjei Aamot Haga	Leiar	AP
Nils Magne Blålid	Nestleiar	SV
Inga Margrethe Fagerbakke	Medlem	AP
Fredrik Liltleskare	Medlem	H
Randi Høgås Nesse	Medlem	UAVH

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Merknader

Utvalet var samla frå kl. 13.00. Del 1 med presentasjon og kursversemd. Del 2 med ordinær sakshandsaming. Fredrik Liltleskare deltok frå kl. 15.30.

Andre som møtte

Namn	Stilling
Birte Bjørkelo	Partner i Deloitte AS (kurshaldar og sak PS 37-43/23)
Else Holst-Larsen	Partner i Deloitte AS (sak PS 37-38, 40 og 43/23)
Tommy Johansen	Kommunedirektør (sak PS 43/23)
Siren Eldøy Hinderaker	Personal- og organisasjonssjef (sak PS 43/23)
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, sekret. for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Tarjei Aamot Haga
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 9/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 20.09.2023	2023/470	
Politiske saker			
PS 37/23	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Stord kommune 2019 - 2023	2023/421	
PS 38/23	Rutinar for kontrollutvalet i Stord kommune	2023/421	
PS 39/23	Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024 - 2028 - Forslag til prosjektplan	2023/391	
PS 40/23	Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2023	2023/476	
PS 41/23	Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming	2022/154	
PS 42/23	Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - statusrapport	2023/355	
PS 43/23	Orientering om postlista til Stord kommune ift. sensitive opplysningar	2023/469	
PS 44/23	Høyring om folkevalde si godtgjersle - uttale frå kontrollutvalet	2023/486	
PS 45/23	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2023/472	
PS 46/23	Eventuelt	2023/468	
Referat saker			
RS 14/23	Val av kontrollutval 2023 - 2027 for Stord kommune	2023/421	
RS 15/23	Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutvala 13.- 14. februar 2024	2023/471	
RS 16/23	Nytt fra FKT oktober 2023	2022/33	
RS 17/23	Invitasjon til Kontrollutvalgslederskolen del 2, 5.-6. februar 2024	2022/33	
RS 18/23	Velkommen til NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2024!	2023/471	

GK 9/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

GK 10/23 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 20.09.2023

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 20.09.2023 vert godkjent.

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 20.09.2023 vert godkjent.

PS 37/23 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Stord kommune 2019 - 2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalget tar evalueringa frå kontrollutvalet i Stord kommune i førre valperiode til orientering.
2. Utvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalseiar i førre valperiode, Fredrik Litleskare, samt sekretariatet, orienterte om gjennomført evaluering.

Nytt kontrollutval merka seg særleg pkt. 10 i evaluerings-skjemaet, vedr. kor synleg kontrollutvalet er på kommunen si heimeside. Dette vart formulert i førre utval si evaluering:

"Kontrollutvalet ønskjer betre plassering på kommunen sin møtekalender. Minimum møtedatoar, men fortrinnsvis og innkallingar og protokollar. I dag eige område for kontrollutvalet."

Forslag til vedtak og nytt pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalget tar evalueringa frå kontrollutvalet i Stord kommune i førre valperiode til orientering.
2. Utvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.
3. Kontrollutvalet ønskjer at utvalet vert meir synleg på kommunen si heimeside. Dette ved at møtedatoar, innkallingar og protokollar blir å finna i same oversiktsskjema som der ein finn andre kommunale utval.

PS 38/23 Rutinar for kontrollutvalet i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek rutinar for kontrollutvalet til etterretning.
2. Kontrollutvalet er informert om og tek til etterretning reglar for teieplikt.
3. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
4. Kontrollutvalet sine faste medlemmar får abonnement på «Kontroll & revisjon» (Kommunerevisoren).
5. Kontrollutvalet vil prioritere at nokon frå utvalet deltek på ein eller fleire av konferansane for kontrollutval i 2024.
6. Kontrollutvalget vedtar at kan melde seg på kontrollutvalgslederskolen del 2 på Gardermoen 05. – 06.02.2024.
7. Kontrollutvalet vil prioritere at alle medlemmene deltek på folkevaldopplæring for kontrollutvala på Solstrand 2024.
8. Første møte i kontrollutvalet i Stord kommune i 2024 vertxx.xx.2024.

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet gjekk gjennom dei ulike punkt i saksframlegget. Utvalet slutta seg til punkta 1-5 og 7.

Vedr. pkt. 6. så høvde det betre å delta på NKRF si samling i månadsskiftet jan/feb. -24. Forventning om at utvalseiar i ettertid gjev informasjon til resten av utvalet om kva som var oppe på samlinga.

Vedr. pkt. 8. så vart møtedatoar for første halvår 2024 fastsett. Desse vert 7. mars, 15. april og 15. mai.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek rutinar for kontrollutvalet til etterretning.
2. Kontrollutvalet er informert om og tek til etterretning reglar for teieplikt.
3. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
4. Kontrollutvalet sine faste medlemmar får abonnement på «Kontroll & revisjon» (Kommunerevisoren).
5. Kontrollutvalet vil prioritere at nokon frå utvalet deltek på ein eller fleire av konferansane for kontrollutval i 2024.

6. Kontrollutvalget vedtar at utvalsleiar kan melda seg på NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 31. jan. - 1. febr. 2024.
7. Kontrollutvalet vil prioritere at alle medlemmene deltek på folkevaldopplæring for kontrollutvala på Solstrand 2024.
8. Møteplan for kontrollutvalsmøter i første halvår 2024: 7. mars, 15. april og 15. mai.

PS 39/23 Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024 - 2028 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Stord kommune og verksemda i kommunen sine selskap og av Stord kommune sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet 2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i april.2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggast fram for kommunestyret i juni 2024.

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Partner i Deloitte, Birte Bjørkelo, orienterte om opplegg for risiko- og vesentlegvurdering og planarbeid.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Stord kommune og verksemda i kommunen sine selskap og av Stord kommune sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet 2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i april.2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggast fram for kommunestyret i juni 2024.

PS 40/23 Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2023

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2023 for Stord kommune frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Partner i Deloitte, Else Holst-Larsen, orienterte om gjennomført interimrevisjon. Ho orienterte og om at forenkla etterlevingskontroll for 2023 vert på tema innan "sjølvkost", slik utvalet ytra ønskje om i møte 20.09.23 (PS 26/23). I same møte ønskte utvalet at rapport etter forenkla etterlevingskontroll kjem til handsaming i mai-møtet, sjølv om den nasjonale fristen er 30. juni.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2023 for Stord kommune frå Deloitte til orientering.

PS 41/23 Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå kommunedirektøren, når det gjeld forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming, til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til andre møte i utvalet, våren 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 03.04.2024.

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Etter sams drøfting la kontrollutvalet til fire underpunkt i pkt. 2 og eit nytt pkt. nr. 4. Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå kommunedirektøren, når det gjeld forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming, til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til andre møte i utvalet, våren 2024. Dette inklusiv:
 - vurdering av vidare oppfølging, der handlingsplanen fortalde at dette var avhengig av endeleg budsjett for 2024.
 - Status vedr. utvikling innan sjukefråværet.
 - Status vedr. gjennomtrekk i stillingar.
 - Status vedr. kompetanse innan fagområdet.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 03.04.2024.
4. Utvalet ber og om at kommunedirektøren gjev munnleg informasjon i kontrollutvalet sitt møte 15.04.24.

PS 42/23 Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - statusrapport

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Frist for levering av ferdig rapport til sekretariatet, med opphøveleg frist 31.12.23, vert utsett frå forrige frist 21.01.24 til ____.24.
3. Rapporten er tenkt til kontrollutvalet sitt første møte i 2024.
4. Kontrollutvalet ber om at midlar til ferdigstilling i 2024, grunna forseinkingar jmf. dialog med kommuneadministrasjonen, vert overført frå 2023 til 2024.

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Partner i Deloitte, Birte Bjørkelo, orienterte om framdrift i arbeidet og om forseinking både grunna når ein mottok informasjon og tid for verifisering og høyring. Det var andre møte i kontrollutvalet i 2024 som var realistisk ift. å få framlagt rapporten. Leveringstid til sekretariatet vart og tilpassa påsken.

Forslag til vedtak, inkl. fastsetting av datoar i pkt. 2 og 3, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Frist for levering av ferdig rapport til sekretariatet, med opphøveleg frist 31.12.23, vert utsett frå forrige frist 21.01.24 til 18.03.24.
3. Rapporten er tenkt til kontrollutvalet sitt andre møte i 2024 (15.04.24).
4. Kontrollutvalet ber om at midlar til ferdigstilling i 2024, grunna forseinkingar jmf. dialog med kommuneadministrasjonen, vert overført frå 2023 til 2024.

PS 43/23 Orientering om postlista til Stord kommune ift. sensitive opplysningar

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Tommy Johansen var tilstades. Personal- og organisasjonssjef Siren Eldøy Hinderaker orienterte kontrollutvalet, og var bl.a. innom dette:

- Postlister vert publisert kvar dag.
- Det er to uavhengige "trinn" før utlegging på postlista. Ved eit høve var det menneskeleg svikt i begge "trinna" som gjorde at sensitiv informasjon om eit barn låg ute nokre få timar ei helg før kommuneadm. fekk skjerma dette. Kartlegging syner at svært få var inne på kommunen si heimeside den tida informasjonen låg ute.
- Datatilsynet vart som rutinen er varsla innan 72 timar, og kommunen informerte mor til barnet.
- Rutinane er styrka, bl.a ved u.off. mappestruktur gjeldande slike opplysningar, for å hindra at tilsvarande skjer igjen.
- Datatilsynet har avslutta saka, og la til grunn at det var gjort naudsynte grep.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 44/23 Høyring om folkevalde si godtgjersle - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Godtgjersle for leiar i kontrollutvalet og leiar i andre sentrale utval bør vera sidestilt, også etter revidering av Forskrift om folkevalde si godtgjersle i Stord kommune.
2. Godtgjersle for øvrige medlemmar i dei same utvala bør også framleis vera sidestilt.

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet drøfta saka.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Godtgjersle for leiar i kontrollutvalet og leiar i andre sentrale utval bør vera sidestilt, også etter revidering av Forskrift om folkevalde si godtgjersle i Stord kommune.
2. Godtgjersle for øvrige medlemmar i dei same utvala bør også framleis vera sidestilt.

PS 45/23 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	
Formannskapet	
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	
Utval for oppvekst og kultur	
Utval for byutvikling	

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om andre politiske møte / møteprotokollar som hadde vore sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet ville arbeida på same vis som førre utval, og fordelte ansvar slik det går fram av eit samrøystes vedtak i saka.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:
 - Kommunestyret: Fredrik Litleskare
 - Formannskapet: Tarjei Aamot Haga
 - Utval for rehabilitering, helse og omsorg: Randi Høgås Nesse
 - Utval for oppvekst og kultur: Inga Margrethe Fagerbakke
 - Utval for byutvikling: Nils Magne Blålid

PS 46/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

A) Kurs

I starten av møtet gjennomførte Deloitte v/ Birte Bjørkelo eit 2-timars kurs i "Rollar, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet" for kontrollutvalet.

B) FKT

Sekretariatet orienterte om at Forum for kontroll og tilsyn (FKT) ønskjer å få tilsendt kontaktinformasjon for alle faste medlemar i kontrollutvalet til bruk ved utsending av nyttig informasjon mv. Alle medlemane sa seg viljug til at slik informasjon kan sendast til FKT.

C) Motteken informasjon om val

Sekretariatet fortalde at det er motteke informasjon om aktuelle val i Trygg Trafikk, Valgforum og IKA Hordaland IKS.

D) Henvendingar

Førre utvalsleiar og sekretariatet informerte om to henvendingar frå tidlegare. Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

Vedtak

A) Kurs

Teke til orientering.

B) FKT

Kontrollutvalet ber sekretariatet senda kontaktinformasjon for dei faste medlemene i utvalet til Forum for kontroll og tilsyn (FKT) til bruk ved utsending av nyttig informasjon mv.

C) Informasjon om val

Teke til orientering.

D) Henvendingar

Teke til orientering.

RS 14/23 Val av kontrollutval 2023 - 2027 for Stord kommune

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om samtalar ifm. at innstilt varamedlem for Ap/Sp i kontrollutvalet, Beate Andersen, ikkje er valbar til dette vervet grunna arbeidstilhøve i Stord kommune. Vidare at det likevel synest å vera tilstrekkeleg tal vara til kontrollutvalet frå Ap/Sp.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 15/23 Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutvala 13.- 14. februar 2024

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vert synt til sak PS 38/23, som også omhandlar denne samlinga.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 16/23 Nytt fra FKT oktober 2023

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 17/23 Invitasjon til Kontrollutvalgslederskolen del 2, 5.-6. februar 2024

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vert synt til sak PS 38/23, som også omhandlar denne samlinga.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 18/23 Velkommen til NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2024!

Saksprotokoll 06.12.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vert synt til sak PS 38/23, som også omhandlar denne samlinga.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.